

2025

# Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune



Bykle kommune  
Bykle ser langt

November 2025

# Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune 2025

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Tilstandsrapporten skal mellom anna møte lovkravet i Opplæringslova § 17-12 fjerde ledd;

§ 17-12. Skolefagleg kompetanse og kvalitetsutvikling

*“Kommunestyret og fylkestinget skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa”*

## Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Opplysningane kan være teiepliktige. Tilsvarande kan og gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane blir handsama i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Prikkeregler regulerer offentleggjering av resultat. I Elevundersøkinga er ein hovudregel at spørsmål svart på av færre enn 5 elevar blir unnateke offentlegheit i sin heilskap, på grunn av fare for indirekte identifisering. Dette gjeld også for visning av svarfordelinga mellom gutar og jenter.

I dei nasjonale prøvene er det ein hovudregel at verdien prikkast dersom gjennomsnittet er basert på 1-9 deltakande elever. Sjå Udir.no for detaljerte regler.

| Årstrinn          | Elever (GSI) |
|-------------------|--------------|
| 1. årstrinn 2024  | 8            |
| 2. årstrinn 2024  | 10           |
| 3. årstrinn 2024  | 6            |
| 4. årstrinn 2024  | 16           |
| 5. årstrinn 2024  | 7            |
| 6. årstrinn 2024  | 7            |
| 7. årstrinn 2024  | 13           |
| 8. årstrinn 2024  | 14           |
| 9. årstrinn 2024  | 12           |
| 10. årstrinn 2024 | 10           |

Bykle kommune har elevkull med få elevar. Slik blir ei rekke data unnateke offentlegheita av omsyn til personvernet. Det vurderast å være formålstenleg å leggje fram ein rapport som kan handsamast i eit ope møte. Det vil gi størst grad av openheit.

## Rapportens inndeling

Rapporten tar utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin mal. Rapporten blir supplert med tilpassa opplæring, elevar sitt val av målform, satsingsområde, skulebasert vurdering, strukturert samhandling og ei betraktning kring økonomi og planstrategi.

## Data

Rapporten omhandlar i hovudsak skuleåret 2024-2025, og har data frå dette;

Skulefakta er henta frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI), med telledato 1. oktober 2024.

Elevundersøkinga er gjennomført hausten 2024.

Nasjonale prøver er gjennomført hausten 2024.

Fråvær på 10 trinn er oppdatert for skuleåret 2024-2025.

Data blir presentert i denne rapporten, slik at en samanliknar ulike elevkull.

Få respondentar gir stor usikkerheit. Data (spesielt vist i prosent) må derfor nyttas med varsemd.

Det er og slik at data i denne rapporten gjeld på kommunenivå. Det kan vere annleis på individnivå.

Tal og harde data er berre ein del av skulane og skuleeigars kunnskapsgrunnlag.

## Innhald

|                                                                     |           |
|---------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>Tilstandsrapport for grunnskulen i Bykle kommune 2025</b> .....  | <b>1</b>  |
| <b>Personvern</b> .....                                             | <b>1</b>  |
| <b>Rapportens inndeling</b> .....                                   | <b>1</b>  |
| <b>Data</b> .....                                                   | <b>1</b>  |
| <b>Oppsummering</b> .....                                           | <b>3</b>  |
| <b>1. Elevar, lærarar og målform</b> .....                          | <b>4</b>  |
| 1.1. <b>Antal elevar i grunnskulen i Bykle kommune</b> .....        | <b>4</b>  |
| 1.2. <b>Lærartettleik</b> .....                                     | <b>6</b>  |
| 1.3. <b>Undervisningspersonale</b> .....                            | <b>8</b>  |
| 1.4. <b>Målform</b> .....                                           | <b>9</b>  |
| <b>2. Læringsmiljø</b> .....                                        | <b>10</b> |
| 2.1. <b>Elevundersøkinga</b> .....                                  | <b>10</b> |
| 2.2. <b>Mobbing på skulen</b> .....                                 | <b>11</b> |
| 2.3. <b>Varsel til rektor, skuleeigar og statsforvaltaren</b> ..... | <b>12</b> |
| 2.4. <b>Ungdata 2025</b> .....                                      | <b>12</b> |
| <b>3. Nasjonale prøver</b> .....                                    | <b>15</b> |
| 3.1. <b>Nasjonale prøver 5. trinn</b> .....                         | <b>15</b> |
| 3.2. <b>Nasjonale prøver ungdomstrinn</b> .....                     | <b>15</b> |
| <b>4. Karakterar og grunnskulepoeng</b> .....                       | <b>17</b> |
| 4.1. <b>Standpunktkarakterar</b> .....                              | <b>17</b> |
| 4.2. <b>Grunnskulepoeng</b> .....                                   | <b>17</b> |
| <b>5. Fråvær og overgang til vidaregåande opplæring</b> .....       | <b>18</b> |
| 5.1. <b>Fråvær</b> .....                                            | <b>18</b> |
| 5.2. <b>Overgang til vidaregåande opplæring (VGO)</b> .....         | <b>18</b> |
| <b>6. Skulebasert vurdering</b> .....                               | <b>19</b> |
| <b>7. Satsingsområde</b> .....                                      | <b>20</b> |
| <b>8. Planstrategi</b> .....                                        | <b>20</b> |
| <b>9. Strukturert samhandling</b> .....                             | <b>21</b> |
| <b>10. Økonomi</b> .....                                            | <b>22</b> |

## Oppsummering

### Elevtal

Elevtalet varierer frå 111 til 87 dei 10 føregåande skuleåra. Inneverande skuleår er tatt med. Det var 10 elevar som gjekk ut av 10. klasse denne sommaren, samstundes som det var 5 elevar som starta i 1. klasse denne hausten. Talet på elevar varierer frå 2 til 14 elevar pr. klassegruppe.

Små elevgrupper kan representere ein sårbarheit knytt til psykososialt skulemiljø.

### Lærartettleik

Bykle kommune har høg lærartettleik. Den vil variere noko med antal elevar på dei einskilde hovudtrinna. Forutsigbart stillingsomfang bidrar til tilsette med høg og godkjent utdanning. Høg lærartettleik er eit godt utgangspunkt for god tilpassa opplæring.

### Læringsmiljø

Grunnskulen i Bykle har sterkt fokus på elevane sitt læringsmiljø.

Låge elevtal gir avgrensa tilgang på «harde data». Skuleeigar vurderer likevel å ha et tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Grunnskulen i Bykle kommune har etablert eit omfattande rammeverk for arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø. Planane verkar å sikre innsatsen når nokon ikkje har det trygt og godt. Planane omhandlar og det førebyggjande arbeidet. Årsakene til at elevar ikkje har det trygt og godt kan være samansette. Nokre gonger vil det krevje kompetanse og kapasitet ut over skulen sin (sjå pkt. 8). Det er elevar i grunnskulen i Bykle kommune som tidvis ikkje har det trygt og godt. For nokre elevar løyser situasjonen seg raskt, for andre kan det ta noko tid. Gode rutinar for evaluering og samhandling er av avgjerande betydning.

### Fagleg utvikling

Det bør være variasjon mellom dei ulike årskulla. Ein ser at resultata varierer noko, men på et relativt høgt nivå. Det er samanheng mellom fagleg nivå og gjennomføringsgrad på vidaregåande skule.

Skulane har interne rutinar for oppfølging av kartleggingsresultat.

### Skulebasert vurdering

Skuleeigar følger skulane og gjennom skulebasert vurdering. Dette skuleåret var tema «Samanhengen mellom overordna del av læreplanverket, skulen sitt profesjonsfellesskap og lokale årsplanar».

### Satsingsområde - Utviklingsarbeid

Skulane driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid. Vinteren 2025/2026 vil ein gjere val for satsingane frå hausten 2026. Det er eit mål å ytterlegare målrette det samla utviklingsarbeidet. Overskrifta vil vere inkludering. Meir spesifisera innhald vil utarbeidast våren 2026. Bykle kommune er i situasjonar der ein må og vil takke nei til ei rekke gode initiativ og tiltak.

### Planstrategi

Det er meldt oppstart av arbeidet med «Heilskapleg plan for oppvekst 2026-2036». Planprogram er på høyring med frist 19. desember 2025. Målet er at kommunestyret kan vedta ein slik plan i november 2026.

### Strukturert samhandling

Den strukturerte samhandlinga mellom skulane, og mellom skulane og andre tenester, skjer på mange nivå, er i god driv, og blir i større grad formalisert. Skuleeigar teller til meir enn 20 ulike treffpunkt kvart skuleår for elevane på 1 – 7 trinn. Det er vesentleg at dette er dynamisk og tar omsyn til elevar og læremål. I tillegg kjem treffpunkt mellom føresette, og mellom skulane sine tilsette på leiarnivå og teamnivå.

### Økonomi

Bykle kommune satsar framleis på skulane sine


# 1. Elevar, lærarar og målform

## 1.1. Antal elevar i grunnskulen i Bykle kommune

### Bykle kommune (EIGAR) | Antal elevar | Eigne tal

| Skoleår            | Antal elever |
|--------------------|--------------|
| 2025-26 (GSI 2025) | 97           |
| 2024-25            | 103          |
| 2023-24            | 100          |
| 2022-23            | 87           |
| 2021-22            | 96           |
| 2020-21            | 101          |
| 2019-20            | 111          |
| 2018-19            | 110          |
| 2017-18            | 106          |
| 2016-17            | 99           |
| 2015-16            | 103          |

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Antall elever, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn  
Tala viser antal elevar rapportert 1. oktober kvart skuleår



Tabellen bygger på skulenes rapportering av antall elever i 1. klasse pr. 1. oktober kvart år.  
Tabellen er utarbeid lokalt.

---

Skoleeigar sin vurdering av elevtal

Elevtalet i Bykle kommune har store variasjonar. Inneverande skuleår varierar årskulla mellom 6 og 16 elevar. Antall elevar i klassane varierar frå 2 til 14 elevar.

Grunnskulen i Bykle kommune har relativt omfattande inn- og utflytting.

Små grupper med elever gir rikelig anledning til oppfølging og tilpassa opplæring. Samtidig kan små grupper representere en sårbarhet angående psykososialt skulemiljø. Det er få å spille på, og det vil ofte bare være «ein flokk». Enten er du med eller så er du utanfor.

Dei siste 5 åra har det vært 2 eller 3 skulestartarar ved Bykle BUS. Det er stor variasjon i talet på elevar som startar på Fjellgardane skule.

Kvar skule rekrutterar naturleg frå kvar sin barnehage. Slik kan barnetal i barnehagane vere med å predikere elvtalsutviklinga;

Status i barnehagane oktober 2025;


|           | Bykle barnehage | Fjellgardane barnehage |
|-----------|-----------------|------------------------|
| Født 2024 | 2               | 8                      |
| Født 2023 | 3               | 8                      |
| Født 2022 | 0               | 8                      |
| Født 2021 | 1               | 7                      |
| Født 2020 | 3               | 8                      |

I ein kommune med små utval vil det være til dels store variasjonar, og ein skal være forsiktig med å konkludere for raskt. Samtidig kan det virke å være ein trend der antal skulestartere på Bykle barne- og ungdomsskule er lågt.

## 1.2. Lærartettleik

Det er ein nasjonal norm for lærartettleik i grunnskulen. Det skal være maksimalt 15 elevar pr. lærar på 1. – 4. trinn og maks 20 elevar pr lærer på 5. – 10. trinn. Det leggjast egne utrekningar til grunn. Spesialundervisning kjem i tillegg. Tabellane angir kor mange elevar det er pr lærarårsverk utrekna på hovudtrinn.

### Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn | Eigne tal




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

**Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn | Eigne tal**



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7.trinn

**Bykle kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn | Eigne tal**




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 8.-10. trinn




### 1.3. Undervisningspersonale

#### Bykle kommune (EIGAR) | Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

#### Bykle kommune (EIGAR) | Andel årstimar gitt av personale med godkjent utdanning | Eigne tal




Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

#### Skuleeigar si vurdering av lærartettleik og undervisningspersonale

Skulane i Bykle har høg lærartettleik. Det er naturleg, men kan variere når ein har små elevkull. Grunnskulen opprettheld ei stabil og godt skolert bemanning. Det er eit godt utgangspunkt for god tilpassa opplæring og målretta vidareutvikling av skulane.

#### 1.4. Målform



---


Skuleeigar si vurdering av val av målform

Antalet elevar som vel bokmål varierer. I ein kommune med relativt omfattande inn- og utflytting, vil det være naturleg med elevar som vel nynorsk og naturleg med elevar som vel bokmål.

## 2. Læringsmiljø


### 2.1. Elevundersøkinga

#### Bykle kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 7. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn


#### Bykle kommune (EIER) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Egne tall



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn


2.2. Mobbing på skulen

Bykle kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 7. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn

Bykle kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 10. trinn | Eigne tal



Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn

### 2.3. Varsel til rektor, skuleeigar og statsforvaltaren

Skuleeigar informerast rutinemessig (månadleg) om varsel til rektor etter opplæringslova § 12-4, og om det fylgjande arbeidet med undersøking og eventuell skifteleggjering av tiltak i ein aktivitetsplan. Skuleeigar vil og informerast om ein skule er klaga inn til Statsforvaltaren.

I Grunnskulen i Bykle har vi døme på sakar der vi fylgjer heile «pliktrekka»; følgje med, gripe inn, melde frå, undersøke og iverksette tiltak (lage aktivitetsplan). Vi har tiltak i aktivitetsplanar som avsluttast relativt raskt. Vi har aktivitetsplanar som evaluerast jamleg og går over lengre tid. Vi har og døme på saker som avsluttast som sak, etter ei brei og grundig undersøking.

Registrerte varsel viser skuleeigar at skulane har sterkt fokus på elevane sitt psykososiale læringsmiljø. Antal saker vil etter utdanningsdirektoratet sine normer, være unnateke offentlegheit av omsyn til personvern.

Skuleåret 2024/25 blei ingen saker klaga inn til Statsforvaltaren.

### 2.4. Ungdata 2025

Bykle kommune gjennomførte Ungdata og Ungdata junior i 2025. Undersøkinga ble og gjennomført i 2022.

Undersøkelsen inneber at skoleelever på ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring svarer på spørsmål om ulike sider ved livet sitt. Ungdata dekker helheita i ungdommen sitt liv og omfatter et bredt spekter av temaområder (foreldre og venner, skole, lokalmiljø, fritidsaktiviteter, helse og trivsel, rusmiddelbruk, risikoatferd og vold).

Ungdata junior er Ungdatas spørreundersøkelse til elever på mellomtrinnet (5.-7. trinn)

Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet har ansvar for gjennomføringen av Ungdata undersøkelsene i samarbeid med landet sine sju kompetansesenter innan rusfeltet (KORUS sør i vår region). Ungdata-koordinator i Bykle kommune er Kjetil Vik.

Resultata frå Ungdata brukast som kunnskapsgrunnlag i lokalt og regionalt folkehelsearbeid blant barn og unge, politikkutforming og til forskning og undervisning. Ungdata gir mulighet til å analysere variasjoner og trender over tid, og til å gå i dybden innanfor ulike temaer.

Resultata slik dei kjem fram i hovudrapportane for Bykle kommune er gjort kjent for Rektorane, Elevråd (ungdomstrinn), 5. – 7. trinn (samla på kvar skule), Tilsette i skulane, Kommuneoverlege, Levekårsutvalet, Fagteam, Kommunestyret og Ungdomsråd i april – juni 2025.

KORUS oppsummerar undersøkinga med at de aller fleste barn og unge i Agder har det bra og er fornøyde med livet sitt – litt mer fornøyde enn de var i 2022. Færre er plaget av mange psykiske helseplager, særlig blant de eldste ungdommene. Det er også nedgang i andelen som føler seg ensomme. Bruken av alkohol og illegale rusmidler er relativt stabil. Ungdom flest i Agder er lovlydige - som de også var i 2022. KORUS peikar og på nokre funn som bekymrer; Økning i andel ungdomsskoleelever som blir mobbet, Ungdommane er generelt mindre fornøyde med skulen enn tidligere, Stor økning i andelen unge som «vaper».

Lokale moment (Bykle); Våre barn og unge er som andre – De har det bra, Færre er/blir plaga, Lite kontakt/flørting med rusmidler, Lengter de litt ut?, Svare er ofte et knepp lenger over på den «gode siden»

---

Skuleeigar si vurdering av læringsmiljø

I grunnskulen i Bykle kommune er det stort fokus på elevane sitt læringsmiljø.

Med låge elevtal blir resultat frå Elevundersøkinga unnateke offentlegheit. Skuleåret 2024/25 var resultata på indikatoren «Mobbing på skulen» «priikka» for både 7. og 10. trinn. Frå skuleåret 2022/23 er resultata «priikka» og om resultatet var 0,0 %.

Elevundersøkinga inneheld ei rekke indeksar. Tabellane viser indeksane Udir vurderer å være spesielt knytt til læringsmiljø. Resultata vil variere frå kull til kull. Samanligna med landsgjennomsnittet varierer det og. Det er gledeleg med spesielt høge indeksar for «Elevdemokrati og medvirkning» på 10. trinn. Indeksen «Motivasjo» aspirerer til økt innsats. Indeksane for 7. trinn er «priikka».

I grunnskulen i Bykle har ein fokus på førebyggjande arbeid og låg terskel for å iverksette tiltak. Som eit ledd i dette nyttar ein omgrep knytt til læringsmiljø som favnar breiast mogleg. I grunnskulen sitt arbeid nyttar ein omgrepet «Trygt og godt skolemiljø».



Grunnskulen i Bykle er og opptatt av at einskilde elevar har ein særskild sårbarheit, og difor kan ha behov for ekstra hjelp og støtte.

Skuleeigar si vurdering av elevane sitt læringsmiljø bygger i stor grad på kjennskapen til dei varsel rektor har motteke, skulen sitt arbeid med dei og kjennskap til det utviklingsarbeidet skulane driv.

Det er elevar i grunnskulen i Bykle kommune som tidvis ikkje har det trygt og godt. For nokre elevar løyser situasjonen seg raskt, for andre kan det ta noko tid. Det er ingen garanti for at alle tiltak har umiddelbar effekt. Gode rutiner for evaluering og samhandling er difor av avgjerande betydning.

Grunnskulen i Bykle kommune har etablert eit omfattande rammeverk for arbeidet med elevane sitt psykososiale skulemiljø gjennom «Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Bykle». Handlingsplanen er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Planen verkar å sikre innsatsen når nokon ikkje har det trygt og godt. Ein tredel av planen omhandlar det førebyggjande arbeidet. Denne delen vil kontinuerleg vidareutviklast og kan truleg utvidas noko. Planen blei sist revidert juni 2025.

Årsakene til at elevar ikkje har det trygt og godt kan være samansette. Nokre gongar vil det krevje kompetanse og kapasitet ut over skulen. Det er lagt til rette for rutinemessig samhandling med helsesjukepleiar, Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og Psykisk helse og familiestøtte (PHF) som ein del av skulane sitt interne arbeid. Det legg til rette for fleirfagleg innsats på eit tidleg tidspunkt (sjå pkt. 9).

Grunnskulen i Bykle kommune nyttar det «ikkje anonyme» kartleggingsverktøyet «Spekter». «Spekter» er utvikla ved Læringsmiljøsenteret i Stavanger.

«Spekter» nyttast rutinemessig, men kan og vere egna i spesielle situasjonar. Resultata så langt, har støtta opp under forståinga av at dei aller fleste har det trygt og godt på våre skular.

### 3. Nasjonale prøver

Nasjonale prøver er obligatoriske prøver som gir informasjon om grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk.

Alle elevar i grunnskulen skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

Nasjonale prøver kartlegg i kva for grad elevanes ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita, slik den er integrert i kompetansemål i læreplanar.

Prøvene plasserer og elevane inn i ulike meistringsnivå. På 5. trinn er det tre meistringsnivå. På 8. og 9. trinn er det fem meistringsnivå. Resultata frå Bykle, fordelt på meistringsnivå er prikka. Skulen og skuleeigar kjenner resultata på elevnivå.

Skalapoeng angir kor elevane i kommunen ligg i forhold til landet. Enkelte år kan og skalapoeng på kommune nivå være prikka.

#### 3.1. Nasjonale prøver 5. trinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng skuleåret 2024-2025

| Indikator | Bykle kommune | Agder | Nasjonalt |
|-----------|---------------|-------|-----------|
| Lesing    | *             | 49    | 49        |
| Rekning   | *             | 49    | 49        |
| Engelsk   | *             | 50    | 51        |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2024-2025

#### 3.2. Nasjonale prøver ungdomstrinn

Tabellen viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng 2024-2025

| Indikator   | Bykle kommune |          | Agder    |          | Nasjonalt |          |
|-------------|---------------|----------|----------|----------|-----------|----------|
| Klassetrinn | 8. trinn      | 9. trinn | 8. trinn | 9. trinn | 8. trinn  | 9. trinn |
| Lesing      | 53            | 56       | 48       | 52       | 49        | 53       |
| Rekning     | 53            | 59       | 48       | 52       | 48        | 52       |
| Engelsk     | 57            |          | 50       |          | 50        |          |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet 2024-2025



---

Skuleeigar si vurdering av nasjonale prøver

Nasjonale prøver gir informasjon om eit elevkull sine grunnleggjande ferdigheter, på eit bestemt tidspunkt.

Skuleåret 2024/25 er reultata for 5. trinn «prikka». Skuleeigar har innsyn i resultata på skule-, trinn- og individ nivå. Det statistiske resultatet er fint.

Progresjon går ikkje fram av denne rapporten. Skuleeigar ser i sin gjennomgang at det enkelte elevkull har god progresjon gjennom grunnskulen i Bykle.

Skulane har ei rekke indikatorar på elevanes faglege utvikling; Øvrige kartleggingsprøver, lokale vurderingssituasjonar og tett oppfølging av den enkelte elev.

Skulane i Bykle kommune nyttar resultata frå Nasjonale prøver i sitt utviklingsarbeid, Og som ein del av grunnlaget for å tilpasse opplæringa til den enkelte klasse, gruppe og elev.

Bykle kommune har i 2024/2025 etablert eit Spesialpedagogisk team. Det har fastsett, og vil evaluere/revidere ein kartleggingsrutine for skular og barenhagar i kommunen. Målet med rutina er;

*Vi skal drive systematisk kartlegging for å gi skulen kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheter i lesing, skriving rekning og engelsk. Kunnskapen skal være med å danne grunnlag for undervegs vurdering, tilpassa opplæring og økt læringsutbytte for den enskilde elev. Utdanningsdirektoratet sine kartleggingsprøver i lesing og rekning er laga for å finne elevar som treng ekstra oppfølging.*

*I barnehagen skal vi planlegge for kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegrupper. Planlegginga må baserast på kunnskap om barna sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe. Den skal og baserast på observasjon, dokumentasjon, refleksjon systematisk vurdering og samtalar med barn og føresette.*

## 4. Karakterar og grunnskulepoeng

### 4.1. Standpunktkarakterar

Bykle kommune har høge standpunktkarakterar i 2024-2025. Dei ligg over landsgjennomsnitt. Se og pkt. 4.2 Grunnskulepoeng.

### 4.2. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er en samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og danner grunnlag for opptak til vidaregåande skule

| Skuleår | Bykle kommune | Nasjonalt |
|---------|---------------|-----------|
| 2024-25 | 49,1          | 42,2      |
| 2023-24 | 48,9          | 42,2      |
| 2022-23 | *             | 42,4      |
| 2021-22 | 43,9          | 43,4      |
| 2020-21 | 48,3          | 43,3      |
| 2019-20 | 44,5          | 43,2      |
| 2018-19 | -             | 42,0      |

---

#### Skuleeigar si vurdering av standpunktkarakterar og grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng viser det samla læringsutbytte som sluttvurderast med karakter. Det angir kor langt vi kom. Resultata for 2023-24 og 2024-25 er svært høge.

Grunnskulepoenga i Bykle kommune ligg høgare enn det nasjonale gjennomsnittet og for Agder. Ein kommune med få elevar må rekne med naturlege variasjonar. Grunnskulepoenga i Bykle kommune varierer frå 38,0 til 49,1 siste 11 år.

Skuleeigar er godt nøgd med at grunnskulen i Bykle ligg over landsgjennomsnittet.

## 5. Fråvær og overgang til vidaregåande opplæring

### 5.1. Fråvær

Det er eit stadig aukande fokus på skulenærvær og skulefråvær, nasjonalt og lokalt. Ny opplæringslov, gjeldande frå 1.8.2023 presiserer skulen sin plikt til oppfylging ved fråvær (§ 10-6 Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen sin oppfølgingsplikt)

Grunnskulen i Bykle har ein eigen rettleiar for eit godt skulenærvær. Det er og etablert eit eige «Nærværsteam» med bidrag frå både Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) og Psykisk Helse og Familiestøtte (PHF).

Kommunestyret vedtok i juni 2024 «Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa» gjeldande frå 1. august 2024. Forskrifta er meint å presisere betydninga av å være til stede på skulen.

Tabellen viser medianen for antal dagar og timar fråvær for elever på 10. trinn, slik det er ført på vitnemålet. Det er egne reglar for føring av fråvær på vitnemålet.

### Bykle kommune (EIGAR) | Fråvær 10. trinn | Geografisk sammenligning

| Skoleår | Bykle kommune (EIER) - Median dager fravær | Bykle kommune (EIER) - Median timer fravær | Agder - Median dager fravær | Agder - Median timer fravær | Nasjonalt - Median dager fravær | Nasjonalt - Median timer fravær |
|---------|--------------------------------------------|--------------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|---------------------------------|---------------------------------|
| 2024-25 | 5,5                                        | 2,5                                        | 9,0                         | 8,0                         | 9,0                             | 8,0                             |
| 2023-24 | 10,0                                       | 6,0                                        | -                           | -                           | 8,0                             | 7,0                             |
| 2022-23 | *                                          | *                                          | -                           | -                           | 8,0                             | 6,0                             |
| 2021-22 | 6,5                                        | 0,0                                        | -                           | -                           | 2,0                             | 3,0                             |

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Fravær, 10.trinn, Begge kjønn

### 5.2. Overgang til vidaregåande opplæring (VGO)

### Bykle kommune (EIER) | Overganger fra grunnskole til VGO | Egne tall

| År   | Del overgangar |
|------|----------------|
| 2024 | 100,0          |
| 2023 | 100,0          |
| 2022 | 100,0          |
| 2021 | 100,0          |
| 2020 | *              |

Bykle kommune (EIER), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

---

Skuleeigar si vurdering av fråvær og overgang til vidaregåande opplæring.

Høge grunnskulepoeng og 100 % oppmøte/registrering ved vidaregåande opplæring hausten etter uteksamining frå grunnskulen er eit godt utgangspunkt for gjennomføring av vidaregåande utdanning og aktiv deltaking i samfunnet.

Elevane i Bykle har eit statistisk varierande fråvær. Skulane følgjer spesielt utviklinga av fråvær på individnivå, og ser det saman med arbeidet med Rettleiar for eit godt skulenærvær og Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa.

## 6. Skulebasert vurdering

Skuleeigar skal ivareta kommunen sin plikt til å arbeid med kvalitetsutvikling etter Opplæringslova § 17-12 og i tråd med Kommuneleova § 25-1. Lokalt tilsyn kan inngå som ein del av dette. Skuleeigar vil vidareutvikle dette arbeidet i retning av skulebasert vurdering.

I 2024-2025 sett skuleeigar fokus på samhengane mellom Overordna del av læreplanverket, skulen sitt profesjonsfellesskap og lokale årsplanar; Korleis arbeider skulane for at profesjonsfellesskapet sitt arbeid med lokale årsplanar støttar opp under «overordna del»?

Rektor la til rette for to prosessar, ein i skulen sine team/lag og ein i skulen sin leiargruppe. Kvar prosess blei dokumentert i eit refleksjonsnotat. Desse notata danna utgangspunktet for skuleeigar sitt strukturerte skulebesøk og samtale med skulen sin leiargruppe.

*Det er skuleeigar sin vurdering at disse prosessane knytt til skulebasert vurdering og strukturerte skulebesøk har bidratt til ei meir einskapleg planlegging i skulane og auka fokus på overordna del i læreplanverket. Samtidig er dette kontinuerlege prosessar, som vil krevje at skulen sin leiing held trykket oppe*

*Skulane har etablerte og definerte leiargrupper. Korleis gruppene fungerte skuleåret 2024/2025 har varierte. Omfanget av tid saman har variert, innhald i møta har variert.*

*Det er skuleeigar sin oppfatning at fokus i leiargruppene i stor grad har vært på drift og i mindre grad på skuleutvikling.*

*Det er vidare skuleeigar sin vurdering at skulane ikkje har utnytta potensialet i sine leiargrupper. Skuleeigar registrerer samstundes at rektorane har planar for vidare utvikling av leiargruppene komande skuleår.*

Tema for skulebasert vurdering i 2025-2026 er tilpassa opplæring;

*Den nye opplæringslova, presiserer at alle elevar skal få opplæring tilpassa sine evner og føresetnader innanfor eit inkluderande fellesskap. Tilpassa opplæring skal prege all ordinær undervisning og er ei plikt for skulen.*

*Spørsmål som skal vurderast i besøket:*

- Korleis sikrar skulen fagleg og sosial inkludering gjennom tilpassa opplæring?*
- Korleis arbeider lærarane systematisk med variasjon og differensiering?*
- Korleis fungerer overgangen mellom tilpassa opplæring og eventuelt individuelt tilrettelagd opplæring?*

## 7. Satsingsområde

Skulane og barnehagane i Bykle kommune samt PPT i Øvre Setesdal har arbeida saman i to omfattande satsingar; Læringsmiljøprosjektet i samarbeid med Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger og det vi lokalt omtalar som Kompetanseløftet+, i samarbeid med Universitetet i Agder.

Læringsmiljøprosjektet gjekk over 2 år og vart avslutta sommaren 2025. Overordna mål for prosjektet har vært *Å fremme eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mistrivsel og krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

Kompetanseløftet+ omhandlar noko forenkla, om utvikling av ein inkluderande praksis. Den sentrale målsettinga er; *«Alle kommunar og fylkeskommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi et inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskilt tilrettelegging».* Dette arbeidet vidareførast hausten 2025 gjennom to tema; *Inkludering frå eit helsefremmande perspektiv -korleis skape robuste barn og ungdom og Lesing og klasselesekurs.*

Vinteren 2025/2026 vil ein gjere val for satsingane frå hausten 2026. Det er eit mål å ytterlegare målrette det samla utviklingsarbeidet. Overskrifta vil vere inkludering. Organisering, og meir spesifisera innhald vil utarbeidast våren 2026.

Tydelege satsingar over tid, gjer at ein må prioritere. Grunnskulen i Bykle er i situasjonar der ein må og vil takke nei til gode initiativ og tiltak.

## 8. Planstrategi

Vedtatt planstrategi angir start på arbeidet med en «Heilskapleg plan for oppvekst». Planen skal ta i vare forventningane til ein Folkehelsestrategi og lovkravet til ein førebyggjande plan etter Barnevernlova § 15-1. I tråd med planstrategien er planprogrammet ute på høyring fram til 19. desember 2025.. Målet er at kommunestyret kan vedta planen i november 2026.

Det er skuleeigar sin vurdering at planstrategien sin utforming, vil medføre auka krav til tenestene sine verksemdsplanar. Det ser skuleeigar fram til.

## 9. Strukturert samhandling

Grunnskulen i Bykle trur på tidleg, tverrfagleg og samordna innsats. Som eit bidrag til dette ynskjer ein å etablera gode strukturar med utgangspunkt i behova til elevar, føresette og tilsette.

Det er gode strukturar for samhandling som ein del av skulane sitt interne arbeid. Kvar skule har eit ressursteam (R-team).

Det er ei aukande forventning til samhandling. Det kjem tydeleg fram i «Lov om endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)»

I planprogrammet for «Heilskapleg plan for oppvekst ligger «Samhandling» inne som et plantema. Skuleeigar ser det som naturleg at «Heilskapleg plan for oppvekst» teiknar eit kart, med fordeling av ansvar og mynde» som sikrar samhandling og tverrfagleg innsats på heile oppvekstfeltet.

Kommunestyret handsama saka «Klassestorleik og skulemiljø – faktaunderlag og tilrådingar» i mai. Eit av tiltaka som kjem fram i saka er; «Skuleeigar rapporterer på strukturert samhandling mellom skulane i Tilstandsrapporten 2025». Det står også; «Skulane utarbeidar felles rutinar for samhandling».

Skulane i Bykle bidrar til samhandling mellom bygdene.

Den strukturerte samhandlinga er i stadig utvikling og skulane er i ferd med å formalisere deler av dette. Skuleeigar er samtidig opptatt av at dette er dynamisk og understøttar læremåla i skulen, og trekk ved elevgruppene dei ulike åra.

Det har vore samhandling på skuleleiar nivå over tid.

Det er fleire FAU møter felles for Bykle BUS og Fjellgardane skule.

Klassekontaktar skipar til felles aktivitet.

Småskuletrinnet har eigen årsplan med om lag 10 treff kvart skuleår.

Mellomtrinnet har eigen årsplan med om lag 8 treff kvart skuleår

SFO har etablert samarbeid og ungane møtast minimum to gangar i semesteret. Ofte knytt til skuleferiar.

Det er skuleeigar sin vurdering at skulane gir eit solid bidrag til samhandling mellom tenestene og mellom bygdene.

Ein kan forvente auka strukturering av samhandling mellom tenestene gjennom «Heilskapleg plan for oppvekst».

Strukturert samhandling mellom skulane vil være i utvikling og foreldast over tid.

Skuleeigar vil følge opp dette og i 2025/2026

## 10. Økonomi

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulen per elev;

|                  | 2020    | 2021    | 2022    | 2023    | 2024    |
|------------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Heile landet     | 125 392 | 135 421 | 143 297 | 156 106 | 161 471 |
| Agder            | 121 042 | 129 613 | 139 636 | 150 219 | 157 037 |
| KOSTRA-gruppe 16 | 220 502 | 251 350 | 249 789 | 277 729 | 290 100 |
| Bygland kommune  | 187 786 | 220 771 | 234 558 | 230 842 | 255 650 |
| Valle kommune    | 190 378 | 208 693 | 207 722 | 224 169 | 274 160 |
| Bykle kommune    | 279 504 | 317 058 | 383 153 | 387 185 | 363 070 |

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Bykle kommune hadde i 2024 kr 363 070 i korrigerte brutto driftsutgifter per elev. Høge kostnader knytast i hovudsak til få elevar, to skular og føreseieleig bemanning.